

TIL ALLE ELEVAR I VINDAFJORDSKULEN!

Håpar de alle har det bra og at de gler dykk over at det endeleg er grønt nivå igjen på skulane våre. Det har vore ei tøff tid det siste halvtanna året, med uvanlege måtar å drive skule på, ikkje minst friminutta. Eg ønskjer at de skal få ei god avslutning før de tek ein velfortent ferie.

Kvar vår pleier underteikna dele ut 50.000 kr til gode tiltak etter søknad og presentasjon frå dei ulike elevråda i Barnas kommunestyre. Dette har me ikkje fått gjennomført dei to siste åra, grunna Covid-19. Difor ønskjer eg at de skal få tildelt ein sum, etter elevtal, til kvar skule, som skal brukast på eit positivt tiltak for alle elevane på skulen. Det kan vera ein god ide å involvera elevrådet, som kan laga ein plan for midlande.

Eg vil nytta høvet til å takka dykk for at de har vore sterke og stått saman i den tøffe tida som har vore dei to siste skuleåra. De fortinar ei god avslutning før dei tek ein fortent og etterlengta ferie.

Slik vert fordelinga:

Elevtal 1118 = 89 kroner per elev

Sum til fordeling (2 x 50000 kr = 100000 kr)

- Bjoa: $31 \times 89 = 2759$ kroner
- Imsland: $22 \times 89 = 1958$ kroner
- Sandeid: $106 \times 89 \text{ kr} = 9434$ kroner
- Skjold: $311 \times 89 = 27\,679$ kroner
- Vats: $104 \times 89 = 9256$ kroner
- Vikedal: $157 \times 89 = 13973$ kroner
- Vik: $37 \times 89 = 3293$ kroner
- Vågen: $92 \times 89 = 8188$ kroner
- Ølen: $258 \times 89 = 22962$ kroner

Med helsing

Tove Elise Olsen Madland



Funderande Ordførar